

Beitebruksplan for Vang kommune

2019-2023



Innhold

1.0 Innleiing	3
1.1. Målsetjingar	4
2.0 Historie og fakta	4
2.1 Jordbruksareal	5
2.2 Skogbruket	7
2.3 Dyretalet dei siste 20 åra	8
2.4 Reindrift	10
2.6 Støling	10
2.5 Organisering og tilsyn	11
2.6 Hjortevilt	14
3.0 Beitebruken sitt omfang og verdi	16
3.1 Bruken av arealet	16
3.2 Beitevanar	17
3.3 Brukarinteresser i utmark	19
3.4 Verdsetting av utmarksbeite	20
3.5 Beitegrunnlag og beitekapasitet	20
4.0 Bevaring og utvikling av kulturlandskap og biologisk mangfold ved beiting	23
5.0 Aktuelle lover og forskrifter	24
5.1 Beiterett	25
5.2 Beiteloven (Lov om ymse beitespørsmål av 1961)	25
5.3 Gjerdeloven (Lov om grannegjerde av 1961)	26
5.4 Forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, av 03.05.2018	26
6.0 Problemstillingar og tiltak	27
6.1 Hytteområder	27
6.2 Rovvilt	28
6.3 Manglande og därlege gjerder	30
6.4 Jakt og jegerinteresser	31
6.5 Laushund	31
6.6 Attgroing	31
6.7 Storfe i utmark	32
6.8 Radioaktivitet og nedføring på husdyr	32

6.9	Dyremerking	33
6.10	Dyrevelferd	33
6.11	Sjukdomar på beite dyr	34
6.12	Samarbeid med andre næringer/organisasjoner	35
6.13	Turke.....	35
6.14	Organisering av beitelag.....	36
7.0	KARTDEL.....	36

1.0 Innleiing

Beitebruksnæringa er Noregs største utmarksnæring, nest etter skogbruket. Målt i areal. Men beitebruken er ikkje alltid fokusert eller forvalta i tråd med dette. Beitebruksplanen skal være eit verktøy for framtidig, rasjonell beitebruk. Formålet med ein slik plan er å dokumentere beitebruken slik den blir dreve.

Den skal bidra til å synleggjera verdiskapinga denne verksemda står for, og skape grunnlag for ein god og oppdatert forståing for beitenæringa hjå politikarar, forvaltar og samfunnet omkring.

Arbeidet med planen kom i gang som følgje av at utmarka og beiteressursane den siste tida er sett under press frå fleire brukarinteresser.

Vang kommune i samarbeid med beitelag og tamreinlag søkte Fyklesmannen i Oppland februar 2013 tilskott til utarbeiding av beitebruksplan. Vang kommune fekk tilslagn på kr 60 000 for dette arbeidet. Det var vore fleire møter, både innad i plangruppa og opne møter med beitebrukarane.

Planen har vore på høyring og skal til behandling i kommunestyret juni 2019.

Plangruppe:

Organisasjon	Medlem
Austvang Beitelag	Andris Kongslien
Høre Beitelag	Jon Hålien
Vang Beitelag	Inga Bøe
Øye Beitelag	Ivar Eltun
Vang Kommune v/landbrukskontoret	Wenche Søndrol
Fram tamreinlag	Hallgeir Opdal
Filefjell tamreinlag	Asgrim Opdal
Leiar i Rovviltutvalet	Vidar Eltun
Leiar skadefellingslaget	Ivar Jonny Søndrol

Beitebruksplanen er utarbeidd som ein temaplan for beitebruk som skal rullerast etter 5 år. Den har dermed ikkje rettskraft som plan etter plan- og bygningslova. Beitebruksplanen vil leggje grunnlag og premissar for kommunen si øvrige planlegging. Dermed kan ein føresjå arealkonfliktar tidlig i planarbeidet, i staden for å foreta einskild vurdering etter kvart som konfliktane oppstår. Beitebruksplanen vil være eit nyttig reiskap i kommunen sitt planarbeid og i samband med andre politiske avgjerder som rører ved utmarksområda og bruken av ressursane her.

Landbrukskontoret har take seg av skrivearbeidet medan beitelaga skal teikna inn sine anlegg på grunnlagskarta, som då er eit tiltak i planen.

Erfaringa frå andre kommunar som har ein beitebruksplan er at dette er eit svært nyttig styringsreiskap.

1.1. Målsetjingar

Målet med utarbeiding av planen er å skape ei forståing for fleir bruk av utmark, samt regler og målsetningar for beitebruken framover.

Beitebruksplanen har fire hovudmål:

- Beitebruksplanen skal vera eit grunnlag for anna planarbeid i kommunen
- Planen skal dokumentere omfanget og verdien av beiting i dag
- Planen skal sikre at beitenæringa har tilgang på areal og ressursar i framtida
- Planen skal koma med tiltak som styrker beitebruken og redusere konfliktnivået

Landbruket er ikkje den einaste som i stor grad nytter utmarka. Mange gonger kan ein sjå at det tradisjonelle landbruksdrifta i utmarka vert sett til side av sterke aktørar. Beitebruksplanen skal difor brukast til å hevde beiteinteressene ovanfor forvaltning og myndighet, slik at husdyr og vilt på utmarksbeite har nok beite å ta av.

I kommunen skal beitebruksplan brukast i planarbeid og i ordinær saksbehandling som eit grunnlagsdokument som syner korleis beite føregår i kommunen.

I denne samanheng vil kart som følgjer planen være eit viktig reiskap for forvaltninga og den skal takast omsyn til beiting i områder i utbyggingssaker og verne om dei beste beiteområda i kommunen. Ved hjelp av beitebruksplan kan ein sette ein verdi på beitet. Dette er viktig i utbyggingssaker der utmarksbeite går tapt på grunn av omdisponering av arealet.


Det er utført vegetasjonskartlegging i delar av kommunen. I 2016 vart det utført kartlegging av 78 km² Øye. Vegetasjonskartet syner kvar det er best beite og reknar ut verdien av det arealet som er kartlagt. Det er lagt inn i budsjettet å kartlegge resten av kommunen gjennom ein 3 års plan 2020-2022. Det vil og bli søkt Fylkesmannen om tilskott. Dette for å redusere eigenandelen for kommunen.

Kartdelen syner oversikt over ulike tekniske installasjonar i beiteområde.

2.0 Historie og fakta

Vang kommune har eit samla areal på 1505 km². Av dette er 1308 km² land og 197 km² er vatn.

Arealet er fordelt på høgdemeter om lag slik:



Høgde over havet	Vang kommune	Valdres
0 – 300 moh	0	1,1 %
300 - 600 moh	3,8 %	11,2 %
600 - 900 moh	7,7 %	27,6 %
over 900 moh	88,5 %	60,1 %

96,2 % av kommunen sitt areal ligg over 600 m.o.h, og 99 % av kommunen sitt areal er fjell, utmark og vatn. Det meste av dyrkamarka ligg nede i dalen, og noko er dyrka opp på fjellet etter omfattande nydyrkning på 70-talet. Det vil sei at berre 10% som er fulldyrka ligg under 900 m.o.h.

72% er fjell og opp mot 30 % av fjell/utmarksarealet er dekt av høgareliggjande fjellskog, som ikke reknast som produktiv.

Blandingsskog, bjørkelier, myrer og fastmark, vil kunne reknast som aktuell beitemark for husdyra i Vang.

Statskog (Eidsbugarden fjelleigendom) eig 103 000 da anna areal og Opplysningsvesenets fond 6000 da, det meste er skogsareal og anna areal.

2.1 Jordbruksareal

Det totale jordbruksarealet i Vang som det vert søkt om produksjonstilskott for, er på om lag 17911 daa pr. 01.10.17. Fordelt slik:


	DA	%
Fulldyrka	12667	70,11
Overflate yrka	242	1,34
Innmarksbeite	4779	26,4
Andre grovforvekster	151	0,84
Bær	68	0,37
Potet	1	0,01
Brakk	3	0,02
Totalt areal med rett på tilskott	17911	
Innmarksbeite ute av drift	79	0,48
Fulldyrka ute av drift	77	0,43
	18067	100%

Jordregisteret viser at Vang totalt har om lag 18 067 daa jordbruksareal. 73 prosent av jordbruksarealet i drift i Vang vert brukt til grovförproduksjon. 2222 daa ligg brakk som det ikkje blir søkt om produksjonstilskott for. Dette dreier seg først og fremst om innmarksbeiter og hamnehagar som vert liggjande ubrukte når husdyra forsvinn frå garden. Ein del jord er vanskeleg å drive, då teigane er små og bratte. Gamle stølsvollar som ikkje er fulldyrka og såleis vanskeleg å haustast maskinelt blir heller ikkje nytta . På bruk som ikkje blir dreve av eigaren, vil ein del areal naturleg nok falla ut av drift. På grunn av større maskinar så vil mykje av utkantar stå att som ein ikkje kjem til.

På 70-talet auka dette arealet kraftig på grunn av nydyrkning, særleg i fjellet. Seinare er det innmarksbeitearealet som har bidrige mest til arealauken. Denne auken skuldast både at det har vorte rydda ein del nye innmarksbeiter, men også at det tidlegare var ein del beiteareal som ikkje var gjeve opp, fordi dei ikkje gav rett til tilskot.

Når ein ser at berre 1 % av totalarealet i Vang er fulldyrka, vil det sei at utmarka er viktig å nytte på sumarhalvåret for å spare avling heime til vinteren.

Kartet under syner all dyrka mark i kommunen, markert med gult.



2.2 Skogbruket

Det er registrert til saman 278 skogeigedomar i Vang. Dei fleste av desse er gardsskogar der jord og skog vert drive saman. Gjennomsnittstorleiken på skogeigedomane ligg på ca. 134 daa produktiv skog. Arealet er ofte spreidd på fleire teigar. Landsgjennomsnittet for gardsskogar er ca. 300 daa.

Oppgåve frå NIBIO syner det meste av skogen i Vang ligg på middels og låg bonitet. Utviklingstrinna i skog vert ofte vist i hogstklassar. I Vang er det stor overvekt av eldre og hogstmoden skog, i forhold til "idealskogen". Samt at mykje av skogen ligg høgt til fjells.

Skogvolum og tilvekst:

Ståande volum fordeler seg slik på tresлага:

Gran	246 548 m ³	23 %
Furu	61 237 m ³	6 %
Lauvskog	723 000 m ³	71 %
Sum	1 030 785 m ³	100 %

Skoginformasjon

	Barskog	Blandingsskog	Lauvskog	Skog på myr	Totalt (daa)
Svært høg bonitet	0	19	0	0	19
Høg bonitet	1 530	59	95	0	1 684
Middels bonitet	10 636	5 164	11 939	0	27 739
Låg bonitet	19 724	6 143	5 147	0	31 014
Uproduktiv skog	4 277	10 126	109 643	815	124 861
Uklassifisert skog					1 464
Totalt	36 166	21 511	126 824	815	186 780

Tilvekst:

Kommune	*Skogareal	Årlig tilvekst, m ³ u.b.	Årlig tilvekst, m ³ u.b, nye estimer	Avvirkning 2017 jfr. skogfondsstatistikk	Avvirkning 2017 i % av tilvekst
0545 Vang	52 801	12 696	14 398	4 864	34

Årleg tilvekst for barskogen er rekna ut til 14 398 m³ for heile kommunen som også er det såkalla balansekvantumet dvs. det kvantumet som kan hoggast utan å redusera skogen.



Redusert for topp og råte vil salskvantumet liggja på rundt 6000 m³.

Det er den austre delen av kommunen som har mest produktiv skog. Det blir ikkje beita mykje her i desse områda. Ut frå tabellen ser ein at det er mykje «gamal» skog som burde ha vore hogd og fått planta ny. Ein ser og at skoggrensa kryp høgare til fjells, men som kanskje ikkje blir mest produktive skogen. Verneskoggrensa ligg på ca 700 m.o.h gjennom heile kommunen.

2.3 Dyretalet dei siste 20 åra

Tabellen nedanfor syner utviklinga av antal bruk og dyretal dei siste 20 åra.

DYRETAL



Utviklinga av dyretall har dei siste åra gått nedover.. Størst nedgang ser ein på pelsdyr. Medan antall storfe har gått jamt nedover. Antall mjølkekyr er halvert sidan sist på 80-tallet fram til 2017. På dei bruaka som er att ser, ein antall dyr aukar. Dei får kjøpt seg eller leiger mjølkekvote som gjer til at besetningen vert større. Men trenden er at fleire og fleire legg ned mjølkeproduksjonen medan andre går over til ammekyr/ungdyr eller sau. Årsaken er at neste generasjon ikkje ynskjer å drive med mjølk, samt at det er mange eldre fjøs som treng oppgradering. I 2034 kjem kravet om alle båsfjøs må over til lausdrift. Noko som gjer til at det blir store investeringar.

Antall sau hadde ein oppgang på 2000-talet, men har gått nedover sidan. Mange av den yngre generasjonen som har overtakne dei siste åra, har bygd ut og auka sauebesetningen.

2.4 Reindrift

I Vang kommune har det historisk gjennom dei siste 2-300 åra vore svært mykje rein.

Etter at Sletterust reinlag vart nedlagt for ca 25-30 år sidan, er det no att 3 reinlag som har summarbeite i Vang kommune. I Sør-Noreg er det i dag 4 reinlag. Slik at Vang kommune er ei betydelig reindriftskommune også i nasjonal sammenheng.

Desse 3 reinlaga slakter ca 6000 rein kvar år, som utgjer mellom 175-185 tonn med fysteklasses reinkjøtt kvart år. På landsbasis et vi i Norge ca 1600 tonn reinsdyrkjøtt i året.

Vågå tamrein As som har summarbeite på Nordsida av Bygdin i Vang. Dei har ein vinterflokk på ca 2400 og ein summerflokk på ca 4200 rein . Fram reinlag DA som har heile summarbeite sitt i Vang Kommune sør for Bygdin og frå Tyin i vest til Slettefjell i aust og nord for Vangsmjøsa. Dei har ein vinterflokk på ca 3000 rein og summarflokk på ca 5000 rein. Filefjell Reinlag Ans har summarbeite sitt i fjellene sør for E16 i Vang kommune. Vinterflokk på ca 3000 og ein summarflokk på ca 5200 rein.

Dette vil seie at så mykje som 14000-14500 rein beiter om summaren i fjella i Vang kommune. Vågå og Filefjell har mykje summarbeite også utanfor Vang kommune.

Til saman blir det selt ca. 120-130 tonn reinkjøtt årleg frå dei to tamreinlaga i Vang, som gjer at Oppland fylke er nest største fylke i Noreg som sel reinskjøtt. Dette gjer Vang kommune til ein av dei største reindriftskommunane i landet målt både i beitande rein og produsert reinskjøtt. Fram Reinlag og Filefjell Reinlag er eigd av grunneigarar i kommunen.

2.6 Støling

Stølfolk og dei som for med fèdrift fann ut kvar dei beste beitestrekningane var. På 17- og særleg på 18- hundretalet var det mykje beitedyr. Alle gardsbruk og husmannsbruk hadde dyr på heim- og langstølen.

Stølsdrift har i alle tider vore nær knytt til garden, og var grunnleggjande for å oppretthalde relativt stor buskap. Heimlier og fjellvidder vart rydda, inngjerda og gjødsla. Dette har ført til det kulturlandskapet vi har i fjellet i dag. Med den radikale endringa som landbruket har gjennomgått dei siste 20 åra, er også tilknyting til stølsdrift og stølsliv endra.

I mange kommunar er denne særprega driftsforma gått over i soga, i andre kraftig redusert. Men det er også kommunar der stølsdrift er ein føresetnad for å halde oppe mjølkeproduksjon slik den har vore fram til no.

I Vang kommune er det totalt ca 200 enkelt stølar spreidd rundt i støslaga i Vang, men berre 20 gardsbruk (10 %) leverer mjølk frå stølen pr. dags dato. Herav 3 geitebesetningar. Talet på stølar med mjølkeproduksjon har minka siste 10 åra. Men om det ikkje blir dreve mjølkeproduksjon på stølane, nyttar dei som har storfe i utmark både fjellbeitet og stølshusa, eller at det blir nyitta i turismesamanhang. Her beiter kyr (mjølkekryr/ammekyr) og ungdyr på utmarka minst 8 veker. For dei som stølar vert det supplert med nattbeite på stølsjordet.

Mange av gardane i Vang har to stølar, ein heimstøl og langstøl. Før vart desse brukt aktiv ved at ein flytte til heimstølen om våren og nyttar langstølen lenger ut på sumaren når snøen vart borte. Når hausten kom flytte ein tilbake til heimstølen for å beite ned det som hadde vakse opp til beite gjennom sumaren.

Storfe held seg for det meste rundt stølsområda. Smådalen og Syndin, Filefjell og Tyin er dei områda som ikkje blir dreve aktivt med støling i dag. No er det stort sett berre ein støl i drift i kvart stølslag. Dette fører til lange avstandar med mjølkehenting. Som ein kan sjå på kartet nedanfor.


I kommuneplanen er det nemnt at stølsområda skal vera freda for utbygging av hytter. Dette for å ta vare på dei særeigna og gamle stølsområda. I enkelte områder som Tyin/Filefjell og Raudalen er det satsing på turisme og utbygging av reiselivsdestinasjonar. Raudalen har i dag 2 aktive stølar som har kjent på dette med konflikt med reiselivet. I Grindafjell planområde er det hovudsak sau som beitar. Kviisyndin er òg eit område der det er regulert til hytteområde i ytterkant av stølsområdet, men er i realiteten nedbygd av hytter. Her er det ingen aktive stølar, men kan vera utfordrane med å sleppe dyr på beite her.

Ved bygging av lausdriftsfjøs med robot, vil det fører til at mjølkekryr beitar meir konsentrert rundt driftsbygningen. Vang har for tida 3 robotfjøs. Dei nyttar utmarksbeite ved å sleppe ungdyr på beite. Eit av lausdriftfjøset driv å aktivt støling med 2 av medlemma i samdrifta. Dei har med nokre mjølkekryr på stølen og mjølkar 6 veker som er kravet for å få stølstilskott. Elles er nedgang av aktiv støling redusert jamt med nedgang i antal bruk.

Oppland utbetalar regionalt miljøtilskott til støling med mjølkeproduksjon. Satsane i 2019 var:

- Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon 6 - veker eller meir: Kr 50.000

Kartet under syner aktive stølar som fekk tilskott til stølsdrift i 2008. Kartet er henta får NIBIO sine sider.



2.5 Organisering og tilsyn

Vang har i dag 4 beitelag. Desse dekkjer det meste av kommunen. Området frå Tveitastølane til Kviisyndin er ikkje organisert. I dette området held det til 3 storfe- og 2 sauebesetningar. 3 av beitelaga har medlemmar med både storfe og sau, medan Øye beitlag har berre medlemmar med sau. Det skulle likevel vera eit potensiale for å få med fleire storfebrukarar i organisert

beitebruk. Tala syner og at dei sauebesetningane som ikkje er med i organisert beitebruk er små besetningar.

I 2017 var medlemstal og tal på slepte dyr slik:

Beitelag	Aktive medlemmer	Sau	Lam	Storfe	Geit
HØRE BEITELAG	9	367	600	89	0
AUSTVANG BEITELAG	24	826	1525	197	180
ØYE BEITELAG	9	803	1626	0	0
VANG BEITELAG	18	811	1508	124	0
	60	2 734	5 193	472	180

Tillegg til andre som ikkje er medlem i beitelag eller har dyr på inngjerda utmarksbeite:

13 Storfe og 3 sau besetningar

Beitedyr produksjonstilskott pr. 01.10.17



	Beite 12 veker	Utmarksbeite min. 5 veker	% fordeling som nyttar utmarksbeite	Tal på bruk med dyr på utmarksbeite
Mjølkekyr/ammekyr	550	450	82%	36
Andre storfe	859	706	82%	41
Geit/kje	740	707	95%	7
Hest	42	22	52%	8
Sau	2896	2883	99%	43
Lam	5352	5264	98%	43

Sankelaga driv stort sett likt. Fleire lag har møte før beiteslipp om våren der tilsyn, diverse innkjøp og sankestart blir bestemt. Sankelaga har tilsynsordningar som går ut på at dyreeigaren får ansvaret for bestemte veker i beitesesongen, slik at heile sesongen er dekt. Kvar einskild har då kvar si tilsynsveka med å sjekke saltingsplasser, føre tilsyn med heile beiteområdet og skrive tilsynsdagbok. Fleire besetningar har take i bruk radiobjølle til å dokumentere tilsyn. Nokre besetningar leiger radiobjølle frå Oppland radiobjøllelag. Enkelte har og kjøpt privat.

Sporingsutstyret, Telespor gjev signal med jevne mellomrom slik at dyreeigar kan via data sjå kvar dyra er til ei kvar tid. Dette kan vera til hjelp ved rovdyrangrep og finne sjuke dyr. Blir eit dyr liggjande for lenge, vert det utløyst alarm om at dyret har legge stille for lenge. Radiobjøller blir mest brukt på sau, men og nokon storfebisetningar har gått til innkjøp av desse. Telespor er avhengig av mobildekning for å fungere. «Find my sheep» er ein annan løysing for overvakning av sau på utmarksbeite. Desse går via satellitt og kan dermed brukast i områder utan mobildekning, men denne merkinga er lite brukt av sauehaldarar i kommunen.

Anna teknologi som «No fens» har og vore testa ut på geit. Halsbandet blir programmert og kartfesta der geita beitar berre på eit avgrensa område. Går den utanom beiteområdet får den støt.

Statistikk over sau/lam slept og tapt i Vang tal frå organisert beitebruk:



2013 var året det har vore størst tap av dyr på beite i Vang. Dette året vart det også felt ein ulv i Vang. For Oppland var også dette året med størst tap der ulv og jerv var dei store voldarane.

2.6 Hjortevilt

Vang kommune har dei 3 hjorteviltartane, elg hjort og rådyr. Desse beitar i barskog, lauvskog og oppunder tregrensa. Vang har mykje brattliggende areal som spesielt hjorten trivst i. Hjorten trekker ned når snøen kjem og beitar då gjerne på innmark. Hjorten beitar i heile kommunen, men held seg mest i område rundt Vennis og opp mot Øye. Det kjem og mykje streifdyr frå Vestlandet.


Elgen beitar og i heile kommunen, men har størst bestand frå Kvam og aust i kommunen. Der det er mest barskog. Her er beiteskadar på barskogen òg større.

Tabel under syner antall hjortevilt som er felt dei siste 30 åra og kor ein mange hjortevilt som beitar i Vang. Desse tala er rekna ut frå innlevert sett elg – og sett hjort skjema. Totalt antal dyr er med på å halde virer og kratt ned.


Ut frå sett elg og sett hjort skjema er det estimert eit tal for 2019 at det er ein bestand før jakt på 190 elg i Vang. For hjort er det estimert ca 210 hjort før jakt. På grunn av påvist strantesjuke på rein er det sett inn tiltak at det i løpet av ei 3 års periode skal fellast 50 % av 2016 hjorteviltbestandet som då var på 300 hjort og 210 elg. Ved å ta ut denne bestanden vil det føre til mindre beitetrykk og attgroing.

Elg:

Antall felte elg frå 1987-2017:




Ønska jaktuttak i samband med bestandsreduksjon:




Tabellen over syner kor mange elg det er i Vang om vinteren og kva bestanden er før og etter jakt. Dette er estimerte tal utfrå sett elg-skjema som jegarane har lagt inn i hjorteviltregisteret. Dette er då antal elg som då vil nytte beite i kommunen.

Hjort:

Antall felte hjort frå 1987-2017



Ønska jaktuttak i samband med bestandsreduksjon.



(tabellen er take ut frå NINA-rapport 1667- Bestandsreduksjon for elg og hjort i Nordfjellaregionen 2019-2020)

Tabellen over syner kor mange hjort det er i Vang om vinteren og kva bestanden er før og etter jakt. Dette er estimerte tal utfrå sett hjort-skjema som jegarane har lagt inn i hjorteviltregisteret. Dette er då antal hjort som då vil nytte beite i kommunen.

3.0 Beitebruken sitt omfang og verdi

Det vert peikt på at i tillegg til den direkte fôrverdien utmarksbeita representerer, er det viktig å vere klar over at:

- beiteressursane er fornybare og kan berre haustast ved beiting
- beiteressursane utgjer grunnlaget for ein tilnærma økologisk produksjon av kjøtt og ull
- beitedyra er med på å halde kulturlandskapet i hevd, og kan føre til større biologisk mangfold i utmarka
- beiting i hogstfelt kan verke positivt inn på forynginga av skogen
- utmarka dannar grunnlaget for tusenvis av arbeidsplassar, særleg i næringssvake strøk av landet.

Henta frå: Verdi av fôr frå utmarksbeite og sysselsetting i beitebaserte næringar
Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning – Senter for matpolitikk og marked, 2006

3.1 Bruken av arealet

Bruken av jordbruksarealet i Vang er vesentleg grovfordyrking. 96 % av innmarka vert brukt til eng og beitemark. Arealbruken er såleis einsidig.

Det er beitedyr storsett i alle støls- og fjellområda frå Tyin i vest til Slettfjell/Fjellsenda i aust. Dei klimatiske tilhøva og areala sin utforming gjer at det er lite rom for å drive med andre produksjonar enn grovfôr og husdyr. Utanom grovfôrproduksjonen, har ein nytta fulldyrka areal til planting av solbærbusker i kommunen (67 da solbær).

Vang kommune har lite dyrka jord i fjellet samanlikna med andre fjellbygder – ca. 1300 da (ca 1 % av fulldyrka arealet i kommunen). Gardbrukarane er nøydde til å nytta fjellet til beite i og med at det er forholdsvis lite beite heime. Vang har med sine store utmarksareal ein særskilt aktiv beitebruk der både sau, storfe og rein nytta beitet.

Størstedelen av arealet i Vang er fjell og utmark. For å sikra næringsgrunnlaget i husdyrproduksjonen er det for dei fleste bøndene naudsynt å bruke utmarka til beite slik at dei kan nytta den dyrka jorda til produksjon av vinterfôr. Nokre av mjølkeprodusentane i Vang har ikkje mjølking om sommaren og slepp dyra fritt i utmarka. Nokre få let dyra går på innjerda utmark. Generelt føregår det meste av beitinga over skoggrensa samt beiting av øvre del av bjørkeskog. Her vil konflikt med hyttebygging vera størst.

Vegetasjonen i terrenget varierer både fordi det er mange ulike plantearter, og fordi vekseplassane er både frodige og skrinne. Kjøtt produsert på fjellbeite/utmarksbeite blir prega smaksmessig og har ein sunnare feittsylresamsetning enn kjøtt produsert på gjødsla innmark /inneforing

Vang kommune er kjent for å ha gode slaktevekter på både rein og lam. Det er ein god indikator på at beitet er bra mange stader i kommunen.

Utmarksbeitet er derfor en viktig ressurs for landbruket i kommunen. Innjerda utmarksbeite er det noko av medan innmarksbeite er det heller lita av i kommunen. Berre 11-12 % av innmarka er kulturbeite. Ein del av innmarksbeitet er stølsjorder som ikkje er dyrka opp.

Fra gamle fotografi frå først på 1900-talet ser ein at det var mindre skogkledd og meir opne areal i bygda og i stølsområda. I dag er mykje av beitemarka i dalen tilgrodd med skog. Ein del av dette kan med fordel opnast opp att. Beiteareal på bruk som har slutta med dyr bør også kunne takast i bruk av nabobar. Dette både med tanke på kulturlandskapet, men ikkje minst med tanke på å auka tilgangen til gode kulturbeite i bygda. Elles er det ein del bratt areal som i dag blir dreve og hausta nærmast med livet som innsats, og som såleis ville passe betre som beiteareal.

Storfe, spesielt kjøttføbesetningar nytta beite godt og held kulturlandskapet betre i hevd ved større beitetrykk, og nytte innmarksbeite vår og haust. Dette ville også bidra positivt i forhold til inntrykket av det aktive kulturlandskapet som turistar møter når dei kjem til bygda.

Utfordringa er at det kulturlandskapet som vi kjenner til, er langt på veg i ferd med å gro att på grunn av nedgang i beitedyr og besetningar.

Til tross for store beiteareal og reduksjon i talet på beitedyr, anar ein at den omfattande satsinga på turisme i desse beiteområda kan skape konfliktar.

3.2 Beitevanar

Sambeiting av sau og storfe i utmarka er positivt då dyresлага beiter ulike planter og av det gjev betre utnytting av utmarksressursane.

Sau som går fritt har som regel bestemte beiteplassar på eit forholdsvis avgrensa område der han held seg om sommaren. Sauen går helst i oppleidt terrenge. Av myr blir berre faste grasmyrer beita. Ut over sommaren trekker han gjerne opp i høgda etter som vegetasjonen utviklar seg. Veret har innverknad på beitinga. I sterkt solskin beitar sauken helst i skuggen

eller i nordhallingar. I regnvêr går han nødig ut på beite dersom han har ein tørr liggeplass. God tilgang på salt i beiteområdet begrensar aksjonsradiusen.

Sauen beitar helst småvaksne grasartar og urter. *Smyle* er ei viktig beiteplante, særleg der det er lite av rikare innslag. Av andre grasartar er *engkvein* og *gulaks* viktig. Sau et meir urter enn geit, storfe og hest. Lauv kan utgjera delar av føret. Pelssau og andre stuttrumpa saueslag et meir lauv enn andre sauerasar (Nedkvitne m.fl. 1995). *Rogn* og *bjørk* er kanskje viktigast, men elles blir dei fleste lauvtreslag beita så nær som or. *Blåbær-* og *blokkebærlyng* blir beita, helst tidleg på året.

Storfe beitar mindre selektivt og snaubeitar ikkje så sterkt som sau. Gras- og urterike vegetasjonstypar er viktige, men storfe går også gjerne ut på myr- og sumpsamfunn med fast botn. I sterkt varme og kraftig regn trekkjer storfeet gjerne bort frå opne felt og inn i tett skog, og beitinga blir mindre intens. Varmt ver aukar insektsplagen og gjev dyra mindre ro til beite og kvile (Bjor og Graffer 1963).

Storfe beitar først og fremst gras og urter, men dei tek også gjerne halvgras (storr, siv og frytler) og lauv. Viktige grasartar er *smyle*, *engkvein* og *gulaks*, men også meir grovvaksne artar som *sølvbunke*, *skogrøyrvane* og *blåtopp*. Det kan vera store raseforskjellar i beitebruk, til dømes med omsyn til beite av lauv.

Sambeiting: Beiting med to eller fleire dyreslag gjev betre utnytting av eit beiteområde. Dette fordi dei fleste dyreslaga vil ha meir eller mindre ulikt val av beiteplanter og beitestader. Denne fordelen aukar ettersom mangfaldet i vegetasjon og terrenget innan eit beiteområde aukar. Dess fleire dyreslag som beitar saman, dess større sjanse er det for at fleire planteartar vil bli utnytta og ein større del av beitet blir brukt.

Somme artar som storfe vrakar, t.d. *engsoleie*, blir beita av sau (Garmo 1994). Sauen beitar meir selektivt og treng ikkje så høg formengd som storfe, slik at terrenget med lågare produksjon av beiteplanter kan nyttast betre av sau. Storfe beitar gjerne på myr der sauken sjeldan går. Sauen vil på si side kunne utnytte meir vanskeleg tilgjengeleg terrenget og høgtliggende areal med låg planteproduksjon. Det er ikkje gjort tilstrekkeleg granskning kring effekta av sambeiting til at det kan talfestast kor stor denne fordelen er i form av hausta formengd og tal dyr på beite. Dette vil sjølv sagt variere mykje etter kva terrenget og naturtype ein har i beiteområdet.

Rein:

Generelt kan ein seie at i eit barmarksbeiteområde bør det vera eit betydeleg innslag av myr, gras- og urterik mark, snøleie og *rishei*, for å sikre reinen eit variert tilbod av beitetypar til ulike tider av perioden. Innslag av høgfjell er viktig for å minske insektsplagen. Denne variasjonen er til stades i kartområdet og gjer området til eit svært godt beite for rein sommarstid. Lavvegetasjonen på rabbane i området er svært slite trass i at dette ikkje er vinterbeite.

Studiar frå Hardangervidda viste at rein og sau i løpet av sommaren overlappa 60% i val av beiteplanter og 76% i val av plantesamfunn. Rein og sau brukte i stor grad same beite, men ikkje til same tid på same stad (Skogland 1994). Plantevalet er mykje likt, men reinen brukar i større grad marginale og høgtliggende areal enn sauken. Det gjeld særleg midtsommars på grunn av insektsplage. Rein vil derfor hente førl fra areal som her ikkje er rekna som nyttbart beite for husdyr. Ellers vil ikkje reinen snaubeite slik som sauken, som kan halde seg i same område over lang tid. Utnyttingsgraden av beitet vil derfor vera ulik.

Ei utrekning av kor mange saueneiningar ein rein tilsvrar i utnytting av utmarksbeitet blir eit vanskeleg regnestykkje. Dersom ein tek utgangspunkt i førbehovet til ein voksen rein, kan det settast til 3,0 f.e. per dag (Villmo 1979). 1 voksen rein er da lik 3 saueneiningar. Kor mykje reinen brukar av den felles beiteressursen i kartområdet er også vanskeleg å seie noko om da det totale sommarbeitet for reinen er mykje større enn dette.

3.3 Brukarinteresser i utmark

NIBIO utførte i 2016 vegetasjonskartlegging for delar av kommunen.

Ufrå informasjon som vegetasjonskartet gjev, kan vi trekke ut opplysningar den enkelte brukar er interessert i og stille desse saman til spesielle brukartilpassa produkt. Dette kan gjelde bruk i planlegging og forvaltning eller som dokumentasjon av næringar eller andre brukargrupper sine interesser i utmarka. Kopla saman med informasjon frå andre databasar opnar dette for svært mange mulegheiter.

A. Planlegging og forvaltning

- Gode kart over naturgrunnlaget gjev betre grunnlag for avgjerder og større effektivitet i planlegging og forvaltning. Kart gjev innsyn og mulegheiter til brei medverknad i planprosessen.
- Vegetasjonskartet vil kunne brukast til å vurdere kor eigna areal er til ulike formål, dokumentere ei rekke arealbruksinteresser og avdekke brukskonfliktar.
- Plantene er primærprodusentar og legg grunnlag for "maten" og det fysiske miljøet for andre artar.
- Registrering av plantelivet gjev derfor nøkkelen til informasjon om biologisk mangfald.

B. Næringsutvikling

- Vegetasjonskartet gjev skogbruksnæringa ein reiskap for planlegging av fleirsidig skogbruk og skogskjøtsel tilpassa veksestaden.
- Vegetasjonskartlegging er einaste systematiske reiskapen vi har for vurdering av beitekvalitet i utmark.
- Kartet kan brukast til dokumentasjon av beiteinteresser, vurdering av beitekapasitet og planlegging av beitebruk og tiltak for skjøtsel av kulturlandskap.
- Reindrifta vil kunne nytte vegetasjonsdata til betre tilpassing av drifta til naturgrunnlaget.
- Basisressursen for grønt reiseliv er landskap. Vegetasjonen er ein viktig del av landskapet. Eit vegetasjonskart vil kunne bidra til dokumentasjon av reiselivet sine arealinteresser, brukast i planlegging av naturbaserte aktivitetar og til marknadsføring av natur som reiselivsprodukt.

C. Forsking og undervisning

- Vegetasjonskartet viser samanhengar, årsakstilhøve og mangfald i naturen og kan brukast i naturfagundervisning og informasjonsverksemrd. Kartet er vel eigna som referansegrunnlag for ulik naturfagleg forsking.
- Dette er òg eit historisk dokument som kan vise utvikling over tid.

D. Friluftsliv

Turgårar vil kunne nytte kartet for å gjera turen meir opplevingsrik, finne bærforekomstar, sopp og andre nyttevekstar. Med kunnskap om ulike dyreartar sine miljøkrav kan kartet gje rettleiing om kvar desse helst forekjem.

E. Forsvaret

Vegetasjonskartet gjev informasjon som kan nyttast i taktisk- og konflikt-/skadeforebyggande planlegging.

Dette kan vera framkomeleghet, marka si bereevne, høve til å finne skjul, sårbare naturtypar m.m.

3.4 Verdsetting av utmarksbeite

Utmarksbeite er ein av dei viktigaste ressursane for landbruket i ei fjellbygd. Sau- og storfebesetninga har stor nytta av utmarka. Dei står for om lag like stort opptak av utmarksbeite. Etter turkesumaren i 2018 med dålege avlingar vart utmarksbeite ein viktig ressurs som tilleggsfor.

Tabellen under syner fòropptak på utmarksbeite for dei ulike husdyrslaga og verdien i kroner. Det er rekna med ein pris på kr 3,5,- pr. føreining. Dyretalet er frå søknad om produksjonstilskott pr. 01.10.2017.

Fòropptak på utmarksbeite i 2017:

Dyreslag	Tal dyr	Beitedagar	Fòropptak pr. dag	Totalt fòr- opptak	Verdi i kroner
Mjølkekyr/ammekyr	450	60	7,2	194 400	680 400
Andre storfe	706	70	4,8	237 216	830 256
Sauer over 1 år	2883	90	1,0	259 470	908 145
Lam	5264	90	1,0	473 760	1 658 160
Mjølkegeiter	707	75	1,2	84 840	296 940
Hest	22	60	5	6 600	23 100
Sum				1 256 286	4 397 001

(1.f.e. = fôrverdien av 1 kg bygg)

Dersom ein reknar med ei normalavling på 390 føreiningar pr. dekar fulldyrka mark tilsvarer dette avlingar på ca. 3221 daa. fulldyrka.

Set vi inn ein f.e. pris på kr.3,50 får vi ein totalverdi på **ca. kr . 4,4 mill**. Bruker vi produktverdien blir summen betydelig høgre.

Det vert utbetalt produksjonstilskot for å ha dyr på utmarksbeite. Beitebrukarar som hadde dyr på utmarksbeite i minst 5 veker fekk i 2018 utbetalt kr 195 pr.sau/lam og geit/kje, og kr 678 pr. storfe i utmarksbeitetilskot. For mjølkekyr som stølar, kastratar og geit blir det gjeve regionale miljøtilskott til i Oppland. Mjølkekyr og kastratar kr 575 og geit kr 115.

Det vert utbetalt regionalt miljøtilskot til drift av beitelaga på grunnlag av talet på sau og storfe sanka frå utmarksbeite. Tilskotet til organisert beitebruk var i 2017 kr 13 pr. sau og kr 24 pr. storfe sanka.

3.5 Beitegrunnlag og beitekapasitet

Utmarksbeite blir nytta i heile kommunen. Her er det rikeleg med utmarksareal. Arealalet er organisert som grunneigarlag og sameiger og blir nytta av beitedyr.

Tidleg og seint vårbeite, om det var avsides eller meir lagleg å koma til, var ofte avgjerdande for god beitebruk. Fleire forskrarar meiner at 30-40 prosent utnytting av beitegraset kan vere vanleg. Moderat beiting aukar det økologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Beiting på same areal med ulike dyreslag gjer at mangfaldet på beite blir betre, og den mikrobiologiske aktiviteten i

jordsmonnet aukar. Det har blitt samanlikna beite i utmarka og på stølsjordet som viser at kyrne gav 2 kilo meir mjølk om dagen når dei beite på jordet.

NIBIO utførte sumaren 2016 vegetasjonskartlegging av ei samla areal på 72 km² i Øvre Dalen med Rødalen til Tyinkrysset og mot Øyangen og Tyin. Målsettinga med dette oppdraget var først og fremst å utføre ei beitevurdering som kunne gi opplysningar om beitetilstand og kor stort dyretal det er grunnlag for innanfor dette området. Området vart og plukka ut pga. av det er aktive sauebesetningar som ynskjer å auke besetningane sine.

Målet er å få kartlagt resten av kommunen innan 2021.

I tabellane nedanfor syner det at beitekapasiteten for kartlagt området vil eigna dyretal vera 3300-4000 sau eller 650-800 storfe. Beste utnyttinga vil vera at aralet blir beitt både av sau og storfe, da området er mangfoldig både i terren og vegetasjonstype.


Det kartlagte området er del av Øye beitelag sitt beiteområde som er 245 km². I 2016 slapp beitelaget 2232 sauer her. Ut frå søknadar om produksjonstillegg for dyr på utmarksbeite er det også kring 178 storfe i området. I Rødalen er to stølar i drift med mjølkeproduksjon. I tillegg til dette brukar Fram tamreinlag den nordlege delen til sommarbeite, og Filefjell tamreinlag den søndre delen, begge med vel 3000 rein. Kartområdet utgjer berre ein liten del av det samla sommarbeitet.

Det er ut frå dette vanskeleg å rekne seg fram til noko samla beitetetrykk for kartområdet. Kartlegginga foregjekk i første delen av august, slik at ein fekk eit nokolunde inntrykk av arbeitinga. I skogliene var utnyttinga av beitet svært lågt med unntak av delar av Rødalen, men heller ikkje her noko hard arbeiting. Snaufjellet har det høgaste beitetetrykket, men ingen stader såg ut til å vera for hardt beita. Tvert i mot er truleg det samla beitetetrykket viktig å halde for å kultivere vegetasjonen, særleg i *høgstaudeengene*, slik at vieren ikkje veks for tett og skuggar ut gras og urter. Levande haustvekter for lam i sauekontrollen viser at Vang kommune har av dei høgaste vektene i Oppland.

Området som vart kartlagt i 2016:

Beitekapasitet for kartområdet Øye.

Dyreslag	Beiteverdi	Dyr per km ²	Nyttbart beite km ²	Dyretal utmark
Sau	Svært god beite - God beite	75	48,3	3623
Storfe		15	49,3	739



4.0 Bevaring og utvikling av kulturlandskap og biologisk mangfald ved beiting

Kulturlandskapet har kulturelle og estetiske verdiar samtidig som det har ein rik flora og fauna. Mange planteartar kan i Norge berre overleve ved beiting, stell og hausting. Humler er for eksempel avhengige av den variasjon som finnes i kulturlandskapet med åkerholmer, steingjerde og kratt og er på sin side viktige for bestøvinga av planter.


Attgroing av eng og beitemarker kan føre til at plantearter forsvinn eller blir sjeldne og fører til ein mindre artsrikdom. Nokre menneske ynsker ein urørt villmark, men kulturlandskapet bidreg og til mangfald, variasjon og auka opplevelsesverdi. Beitedyr opprettheld dessutan stigar og ferdsselsårer i utmarka til glede for friluftsfolk og turister. Desse godene kjem i tillegg til sjølve produksjonsverdien frå beitebruken.


Biologisk mangfald omfattar variasjonar i naturtypar, økosystem og dei økologiske prosessane i desse. Det omfattar vidare artsmangfaldet av planter, dyr og mikroorganismar samt den arvemessige variasjon innanfor plante- og dyreartane. Det er ei statleg målsetjing å sikra og vedlikehalda det biologiske mangfaldet i landet. Mange av dagens trua artar er avhengige av tradisjonell landbruksdrift for at økosistema dei lever i skal fungera.

Blant de 56 naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet iflg. St.meld 8 (1999-2000) er naturbeitemark og skogsbeiter gruppert som hensynskrevjende. Lite av arealet i Norge er kulturpåvirka. Berre ca.3% er dyrka jord. Viss beiting fell ut, vil ein miste den del av artsmangfaldet som er avhengig av beiting og bruk av ulike utmarkstyper. Beiting må reknast som ein bidragsyter til auka biologisk mangfald. Samtidig kan beitetrykket bli så stort at talet på plantearter minskar og ein får erosjon. Dette er et stort problem mange stader i verda. I Vang er det ikkje problem omkring beitetrykk.

Det har vore kartlagt fleire områder for biologiske mangfaldet i Vang. Områda ved Slettefjellet og Vennis, samt Helin er dei områda som har vore mest kartlagt. Viktige lokalitetar og områder i kommunen er i den samanheng registrert og kartfesta. I 2009 vart Naturmangfaldlova vedteken og må takast omsyn til ved arealplanlegging.

Karta nedanfor syner områder i andre delar av kommune som er vorten kartlagt for naturtyper og verdifult kulturlandskap.





5.0 Aktuelle lover og forskrifter

I dag har vi et omfattende lovverk som regulerer det meste, også bruken av utmarksressursene. I LNFR-områdene (landbruks-, natur-, frilufts og reinområder) reguleres forholdet mellom landbruksinteresser, friluftsinteresser og naturverninteresser av særlover som f.eks. beiteloven. Andre lover er:

- Lov om jord(jordlova) av 12. mai 1995 nr. 23 Lov om jordskifte av 21. desember 1979 nr. 77
- Lov om ymse beitespørsmål (beitelova) av 16. juni 1961 nr. 12
- Lov om reindrift (reindriftslova) av 15. juni 2007 nr. 40
- Lov om grannegjerde (grannegjerdelova) av 5. mai 1961
- Lov om dyrevern (dyrevernlova) av 19. juni 2009 nr.97
- Lov om matproduksjon og mattrygghet (matloven) av 19. desember 2003 nr. 124
- Lov om hundehold av 4.juli 2003 nr. 74
- Lov om viltet (viltlova) av 29. mai 1981 nr.38
- Forskrift om hundehold, Vang kommune
- Andre lover som styrer forhold rundt bruk av utmarksressursene er hanndyrloven, motorferdselloven, jordloven, fjelloven og plan og bygningsloven samt ei rekke andre forskrifter

5.1 Beiterett

Beiteretten i Vang omfattar heile kommunen, beitedyra beveger seg innom heile kommunen og mot kommunegrensane mot Vestre Slidre, Øystre Slidre, Årdal, Lærdal og mot Hallingdal.

I Vang er det meste av arealet privat eige gjennom sameiger og grunneigarlag. Beiteretten er i dag stadfesta gjennom sedvane, hevd og lovverk. Opphaveleg er beiteretten etablert gjennom generasjonar sin bruk av ressursane i utmarka. Beiterett går ut frå hovudbruket, frå seter og som beiterett i sameige. For dei opphavelege gardane er beiteretten ofte beskrive i gamle dokument, som utskiftingsprotokollar. For bruk som seinare er utskilt frå hovudbruket, kan beiteretten vera nemnt i skylddelingsforretninga, men ifølge jordskifteverket er det ikkje alle eigedommar som kan bekrefte sin beiterett. Spørsmålet vil vere aktuelt i dei tilfelle der beiteretten skal innløysast, og då må det bli ei sak mellom dei involverte partane. I utgangspunktet er beiteretten knytt til den del av bygda som det opphavelege bruket soknar til.

Retten til å nytte beite på privat grunneigedom høyrer til eigars råderett over eigedommen på linje med hogstrett, retten til å dyrke, utnytte grus og sandforekomstar, jakt og fiske. Beiterett er altså ingen allemannsrett på line med ferdsel til fots og bærplukking. I utmark kan likevel andre gardsbruk ha ein eller fleire bruksretter over annan manns eigedom på line med vegrett og brønnrett. Beiterett som bruksrett på annan manns eigedom forekjem relativt ofte. Kven som har beiterett i de enkelte områder, avheng av eigedomshistoria for grunneigedomen. Det vil alltid være ein eller fleire grunneigarar som har rett til å utnytte beitet på en utmarkseigedom. I utskiftingsprotokollane kan ein finne beskriving av geografisk grunna rettigheter.

Det foregår streifbeite over kommunegrensene i alle retningar i kommunen. Dette kallast gjerne for tålt beiting eller streifbeiting og er i praksis en stillettande avtale om at dyra kan gå der ei viss tid, men at beitebrukaren er klar over at han ikkje har nokon beiterett. I vestre delen av kommunen blir det leigd bort beiterett til beitebrukar i Lærdal.

Mattilsynet syner til dyrehelseforskriften der den set forbod mot å føra sau over grensene til dei nye dyrehelseregionane for småfe. Sogn er i region Sør og Vest og det er forbudt å inngå nye avtaler om utleige av beite til småfe frå Vestlandet.

Beiteretten er under press frå interesser utanom landbruksnæringen. Særleg utbyggingsinteresser og rovdyrforvaltninga trugar retten, og verker til å redusere verdien av denne retten i visse områder. I ein slik situasjon kan det oppstå behov for lett tilgjengelig dokumentasjon som omhandlar beiteretten. Det er først og fremst jordskifteretten som kan sei noko om beiteretten. Jordskiftesaker er ofte store og omfattande, og blir derfor mindre brukt i.f.t. fastsetting av slike rettar.

I denne planen blir det ikkje teke stilling til beiterettane til kvart enkelt bruk i kommunen.

5.2 Beiteloven (Lov om ymse beitespørsmål av 1961)

Beitelova regulerar rettar og pliktar i samband med husdyr på beite, for dyreigar og for grunneigar. Loven gjer heimel for regulering av beitetidspunkt, og for å setje forbod mot beiting i avgrensede områder (ikkje for bygd eller grend som frå gammalt tid har hatt slik rett) §15 slår fast at jordbruket med beiterett i statsallmenninga har rett til å beite med så stor buskap som han kan vinterfø på garden.

Retten til almenningsbruk fell bort dersom gardsdrifta blir nedlagt og jorda vert teke i bruk til andre formål enn jordbruk. Det same gjeld dersom ein eigedom vert delt og mistar så mykje jord at den ikkje lenger kan reknast som ein jordbruksmessig einheit.

Av sentrale lovar for utmarksbeitebruk er Beitelova og Gjerdelova. Beitelova el. Lov om ymse beitespørsmål av 16.6.1961 §§ 6-8 gjer beitebruken ansvar til å passe på at dyra held seg til dei områda kvar vedkommande har beiterett. Det har vore konfliktar i saker der dyra kjem inn på områder dei ikkje skal vera. Her har den eine parten hevda sin rett etter innhaldet i denne lova og motparten har hevda sin rett som er hjelma i lov om grannegjerde av 5.mai 1961, der gjerdehaldar vert halde ansvarleg.

5.3 Gjerdeloven (Lov om grannegjerde av 1961)

Lova regulerer plassering, utforming og vedlikehald av gjerder. Rettar og plikter i samband med gjerdehald og gjerdeskjønn. Den enkelte kommune kan fastsette vedtekter om gjerdehald som går ut over dei reglane som gjeld etter loven.

§ 19 i gjerdelova pålegg ein grunneigar å oppretthalde gjerde sitt så lenge ikkje anna er fastsett ved gjerdeskjønn. Dette er forhold som har medført motsetningar mellom partane slik at gjerder har vorte fjerna. I tilfelle der gardbrukaren har slutta med husdyr el. bruket har vorten til fritidseigendom f.eks. blir i mange tilfeller gjerder ikkje godt nok vedlikehalde og dette medfører store utfordringar for aktive beitebrukarar i områda.

I lov om dyrevelferd av 01.01.2010 er det innført total forbod mot bruk av piggtråd på nye gjerder. Det er Mattilsynet som forvaltar Lov om dyrevelferd og som har ansvaret for å følgje opp dårlege og gjerder til nedfalls.

5.4 Forskrift om hald av og bandtvang for hund, Vang kommune, av 03.05.2018

Forskrifta utvidar den allmenne bandtvangstida som går frå 1.april til 20.august, til 21.oktober i heile kommunen. Unntaka er.

Reglane i § 3 i denne forskrifta gjeld ikkje for:

- a. hundar som vert nytta i reindrifta og dresserte gjetarhundar under gjeting og sinking av bufe på beite
- b. ettersøkshundar, politihundar, militærhundar og redningstenesta sine hundar i arbeid/teneste
- c. jakthundar som frå 21. august vert nytta under lovleg jakt, jaktpøvar og vilttaksering, og vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar.
- d. Jakthundar, gjetarhundar og ettersøkshundar som frå 21. august under lovleg trening vert fylgd på forsvarleg måte av eigar eller brukar.

Punkt c) og d) føreset samtykke frå grunneigar/rettigheitshavar.

Lov om hundehold av 4.7.03 regulerer den enkelte hundeeigar sitt ansvar for aktsomheit.

6.0 Problemstillingar og tiltak

Utfordringa blir å oppretthalde eller helst auke beitetrykket i utmark. Eit svært avgjerande moment her er landbrukspolitikken. Det må i betydeleg grad stimulerast til å nytte utmarksbeite. I tillegg til den generelle landbrukspolitikken bør det vurderast kommunal støtte til beitetiltak. Tal på beitedyr må haldast minst på dagens nivå. Sambeiting av fleire dyreslag er ynskjeleg. Tiltaka er svært viktig for beitebruksplan og må gjerast mest mogeleg konkret og detaljert mht. beskriving av mål, ansvar og tidsplan for gjennomføring.

Med dei store utmarksareala som er i Vang, er ikkje for lite beite noko problem enno. Når ein skal vurdera kommunen sine utmarksareal som beiteressurs, må ein ta med historiske fakta, tilgjenge og areala sett i høve til andre verdiar m.a. hytteområde med høveleg friareal. I desse områda har menneskeleg aktivitet og trafikk auka i takt med hyttebygginga. Konflikt mellom beitedyr og hundehald er kjende. I tillegg kan vegar og turstiar inn i aktuelle beiteområde føra til auka uro. Men i mange tilfelle har det vist seg at sambruk beite/turisme/reiseliv kan vera positivt som t.d. publikum si oppleving av husdyr i kulturlandskapet og i nærleiken av reiselivstiltak.

Det er viktig med saklig informasjon frå beitenæringa til dei øvrige samarbeidspartane. Tilgang til og bruk av ressursar må ein ta opp for å hindre/løyse konfliktar. I denne samanheng er det viktig at landbruksnæringa tek opp dei aktuelle problemstillingane i fellesskap og ikkje som enkelpersoner.

Brukinteressa for utmarka er mange. Dette gjer og utfordingar for beitebruken. Ved å dokumentere vegetasjonen og finne beiteverdien verdien av beite vil dette vera eit hjelpemiddel for god planlegging og utnytting av utmarksressursane ein har.

6.1 Hytteområder

Utbyggingsområde for fritidsbustader kjem i konflikt med etablerte beiteområde og beitereksler.

Interessemotsetjingar mellom beitebrukarar og andre interesser har auka dei siste åra.

Hytteeigarar ser på beiting inn til hyttene som svært generande og forstyrrende, noko som kan minska verdien av hyttene.

Det har vore motsetningar mellom tradisjonelle driftsmåtar og einskilde hytteeigarar. Nokre hytteeigarar vil korkje ha storfe, sau, møkk eller bjøller nær hyttene sine, sjølv der er bildet nyansert. Mange hytteeigarar bidreg ved at dei varslar om skadde, sjuke eller døde dyr.

Omdisponering og utbygging av hytteområder går ut over beitebrukarane ved at beiteareala blir redusert og attverande areal blir mindre attraktive som oppholdslass for beitedyr. Det er viktig at hytteeigarar ikkje aktivt trekk dyr inn i hytteområda ved at dei gjev dei salt m.m. Opparbeidde plenar rundt hytter trekk automatisk sau til området. Det har delvis vore forbode mot inngjerding av hytter i kommunen. Det har likevel vorte sett opp gjerder rundt store areal rundt hyttene og desse fører til at dyra blir gåande i labrinten av veger mellom hyttene med lite tilgang på beitegras i vegkantane.

I nokre av reguleringsvedtektena kan gjerde inn maks 100 m² rundt hytta, med tregjerder av god og trygg standard. Vil ein gjerde meir må det søkjast om dispensasjon.

Straumgjerder utan straum er ikkje tillat bruk, og straumgjerder med straum tilkopla skal merkast og ha jamleg tilsyn jmfr. bl.a. Lov om dyrevelferd av 19.6.2009.

Det er kommunen sitt ansvar å følge opp gjerder som er sett opp i strid med reguleringsvedtektena. Ein kan også gje pålegg om fjerning av gjerder som er satt opp i strid med reguleringsvedtektena.

Tiltak:	Ansvar	Når
Unngå utbygging av hytter på stølsvollar, i nærleiken av stølar og i opne stølslandskap	Kommunen	
Dyrka mark og beite må haldast i hevd som framtidig nyttbar ressurs for næring		
Beitenæring skal vera høyringsinnstans i areal- og plansaker	Kommunen	
Alle tiltak/planer i beiteområdet skal leggast fram for beitebrukskrane/beitetal til uttale på eit tidligast mogleg stadium og i alle tilfeller før vedtaket blir fatta	Kommunen	

6.2 Rovvilt

Fram til midten av 1800-talet var det store bestander av bjørn, jerv, ulv og gaupe over store delar av landet. Jaktstatistikk fortel at det då var betydelig førekjoming av dei fire store rovdyra også i Oppland fylke. Rovdyr kan verta eit aukande problem om ein ikkje klarer å halda rovdyr som bjørn, ulv, jerv og gaupe borte frå beiteområda.

Jerv:

Av dei fire rovviltaartane er det førekjomingstar av jerv som har hatt lengst historikk i Oppland. Bestandsmåla er 4 ynglingar årleg. Ut frå registeringar i 2018 er det påvist 3 ynglingar.

Jerven gjer skade på både tamrein og sau i Vang. I 2001 gjorde jerven store skader i Øye og austover Skakadalen og Vennis. Dei siste åra har det vore roleg.

Gaupe:

Bestandsmåla for gaupe i Oppland er 5 familiegrupper. Det er påvist 5 familiegrupper før jakta i 2018. Vang ligg innanfor sona for ynglingsområde og det er vanskeleg å få skadefellingsløyve på gaupe utanom kvotejakta som er frå 1. februar til 30.mars. Det er registrert 1 familiegruppe her i Vang i 2015. Og det vart felt 2 gauper under kvotejakta i 2016. Det er dokumentert skade av gaupe her dei siste 15 åra.

Bjørn:

Omfanget av streifande bjørn i regionen har variert ein del i perioda 1995-2007. Det har vore ein eller fleire bjørnar i grensetraktene mellom Sør-Aurdal, Søndre Land og Nordre Land. I 2007 var det toppår for aktiv bjørn i fylket, med mange påviste skader på sau i Oppland. Vang har hatt streifdyr innom og det har og vore påvist skade av bjørn i 2013.

Ulv:


Ulven har hatt ein svært begrensa førekjoming i Oppland i nyare tid. Ulven har stor aksjonsradius og kan gje store skader og store konfliktar. Det har kome meir og fleire streifdyr som kjem over

grensa frå Sverige. I 2013 vart det felt ein streifulv i Vang. Denne vart felt dagen etter det vart påvist og dokumentert skade av ulv på 1 søye og 6 lam. Her var fellingslaget flinke til å få organisert seg og få felt ulven effektivt og raskt. På Hadeland sommaren 2017 vart det gjort stor skade av ulv. Der tok ein einslig ulv over 100 sau over 2 månader før den vart felt.

Kongeørn:

I Oppland er bestanden på 55-65 par og påvist 21 hekkingar i 2017 Bestanden vursderast å vera stabil. I Vang trur ein at kongeørna utgjer mykje av tapa. Men det er vanskeleg å påvise og dokumentere skade, og funn av kadaver. Det er registrert 3 revir i Vang.

I Vang fordeler tapet og erstatta sau og lam slik frå 1999-2017:



Når freda rovvilt skadar eller drep husdyr, kan ein etter søknad få erstatning for tap og følgeskader. Erstatningsordninga er heimla i viltlova § 12 a, og vert regulerert av eigen forskrift.

Beredskap:

Vang kommune har eige rovviltutval med medlem frå beitelaga, tamreinlag, skadefellingslag og ordførar som leiar. Dei har 2 møter i året, før og etter beitesesongen. Dei går igjennom blant anna gjennom beredskapsplan ved akutte angrep av rovvilt, som blir revidert kvart år og vart vedtak fyste gong i kommunestyret i 2002.

Beredskapsplanen har rutiner for arbeid ved rovviltangrep, søknader om skadefellingsløyver og ansvar for de kommunale skadefellingslaget. Skadefellingsleiar er engasjert av kommunen og har ansvaret for drift og organisering av det kommunale skadefellingslaget.

Fylkesmannen har vakttelefon i beredskap og varsler kommunen og skadefellingslaget, beitelag på SMS om skade/angrep i regionen.

Kommunen i samarbeid med beitelaga søker om midlar til førebyggande og konfliktdempende tiltak.(FKT-midlar) Tilskotsordninga er heimla i Forskrift om tilskot til førebyggande tiltak mot rovviltskader og konfliktdempande tiltak.

Det har vore sökt om og har fått tildelt midlar til ekstraordinært tilsyn med kadaverhund og kurs i bruk av kadaverhund. Desse tiltaka har ikkje vore nytta dei siste åra.

Tiltak:	Ansvar	Når
Opprette beredskapsareal ved akutte angrep av freda rovvilt	Beitelag/kommunen	2020
Årleg revidering av beredskapsplan	Rovviltutvalet	Årlig
Årleg søknad om FKT-midlar	Beitelag/kommunen	Årlig
Få godkjent ein kadaverhund i kommunen	Beitelag	
Ha eit operativt fellingslag - fellingsleiar/lag godkjennast av kommunen i for 2 år om gongen.	Fellinglaget	Kwart 2.år
Aktiv tilsyn. Rovdyr kan fellast ved direkte angrep på bufe og tamrein - Viltlova § 11	Beitelag	Årlig
Dokumentere funn av kadaver. Søkje fellingsløyve ved aktivitet frå rovdyr	SNO/Kommunen	Ved skade
Gjennomføre førebyggende tiltak dersom dei er økonomisk forsvarlege og fungerer.	Beitelag/Kommunen	

6.3 Manglande og därlege gjerder

En stor utfordring for beitenæringa er at det blir stadig fleire dårlige gjerder. Desse utgjer også ei fare for både beitedyr og vilt. I tillegg fører det til store utfordringar med at beitedyr kjem på avvege. Fleire og fleire eigalar av landbrukseigendommar utan dyr vedlikeheld ikkje gjerdene sine, men fjernar dei. Nye eigalar av landbrukseigendommar kjenner ikkje til gjerdeplikten. Dette gjev grunnlag for konfliktar. Ei løysning på nokre av disse konfliktane kan vere å etablere gjerdelag av grunneigarar som set opp sperregjerder mellom innmark og utmark.

Tiltak:	Ansvar	Når
Informasjon om beiting og gjerdehald gjennom media og internett.		Årleg
Kvar enkelt grunneigar (også utan husdyr) sjekker eigne gjelder kvart år.	Grunneigar	Årleg
Gjerderestar og därleg vedlikehalde gjelder skal fjernast	Grunneigar	Årleg
Beitebrukaren og andre som kjem over därlege og uforsvarlege gjelder melder frå til kommunen som melder ifrå til grunneigar.		
Kommunen kan gjera vedtak om fjerning av gjerde som er til fare for beitende bufe, når gjerdehaldar ikkje viser vilje til å etterkomme det kravet han har på seg til å rydde opp etter §15 i Dyrevelferdslova. Mattilsynet kan bruke opptrappende verkemiddel t.d tvangsmult Gjerdelova §§3 og 5 Dyrevelferdslova § 34 og 35	Kommunen	

6.4 Jakt og jegerinteresser

Årleg vert det hausta store verdiar gjennom jakt i utmarka. Det gjev eit økonomisk utbytte, men også rekreasjonsverdien har stor betydning for mange. Det meste av jakta føregår med laushund. Beitedyr som ikkje er sanka før jaktstart kan føre til konfliktar. Samtidig bidreg jegerane med å finne og varsle næringa om dyr i utmarka seinhaustes. Jegerar har også vore med på å felle dyr som ikkje har latt seg sanke.

Jegerar og turgåarar er stort sett flinke til å melde frå om sjuke eller skadde dyr og kadaver. Det må vektleggjast å oppretthalde denne kontakten. Det er viktig for eigarane av beitedyra at det blir gjeve beskjed om det blir oppdaga noko uregelmessig.

Det er viktig at beitebrukarane og jegarane har kontakt/dialog før jakta starter om å sleppe jakthundane laus når hjortejakta startar 1. september.

Tiltak:	Ansvar	Når
Dialog mellom jegar og beitebrukar før jakt i samband med bruk av hund	Jeger	

6.5 Laushund

Laushund er vorte eit problem, spesielt i hytteområder og høgt til fjells. Her er det større tettleik av hundar som då er ei utfordring for beitenæringa. Hundar har m.a. skremt sau til dei blir sprengt og døyr. Det er liten respekt for bandtvang mellom ein del hundeeigarar. Dette fordeler seg og generelt utover heile kommunen.

Vang kommune har utvida bandtvang til 20. oktober. Noko som bør få meir publisering. Den ordinære bandtvang etter Hundelova er 20. august.

Hundar og auka ferdsel i beiteområda kan vere ei utfordring dersom det ikkje blir tatt omsyn. Laushundar sommarstid kan vere eit problem for beitenæringa, men og for vilt på vinterstid. Det vil og vera konflikt med laushund i samband med storviltjakt og småviltjakt.

Tiltak:	Ansvar	Når
God informasjon og publisering om forskrift om hald av og bandtvang for hund i Vang kommune.	Kommunen	
Samordne bandtvangstider med nabokommunane	Kommunen	
Melde frå til hundeeigar/ politi om laushund	Beitebrukar	

6.6 Attgroing

Attgroinga er ei stor utfordring både for beitenæringa og annan allmenn bruk av utmarka i mange områder i kommunen. Fråværet av beitedyr og klimaendringer bidreg til attgroing. Einer og bjørk spreier seg, og grana kjem etter og tek etter kvart overhand.

Dette fører til at beitegraset mister lystilgang og blir borte. Tidlegare var seterdrifta svært utbreidd og eit heilt nødvendig livsgrunnlag for landbruket i kommunen. Det vart hogd mykje ved til ysting og det vart og hausta planter i utmarka som vart brukt som fôr. Dette førte til at landskapet vart skjøtta på ein heilt annan måte enn i dag.

Ryddetiltak i utmarka med fjerning av busker og kratt fremar lystilgangen til bakken. Lys fremar veksten av beitegras og er det beitedyr i området er det stor sannsynlegheit at dei vert trekt mot disse områda og begynner å beite der.

Tiltak:	Ansvar	Når
Rydde og halde vedlike beiter og reksler	Grunneigar	
Økonomisk stimulanse ved bruk av SMIL- midler.	Beitebrukar	
Påvirke sentale myndigheter til å gje rammevilkår som stimulerer ti aukal beitebruk	Faglaga	
Halde oppe beitetrykket. Fleire beitedyr av sau og storfe	Beitebrukar	
Økonomisk tilskott til investering, for eks sperregjerder,klopper m.m.	Beitelag	

6.7 Storfe i utmark

Fleire storfe og spesielt ammekyr i utmark fører med seg nokre nye utfordringar. Store, tunge dyr og kyr som ofte har med seg kalv kan gje auka press på gjerder m.m. Store flokkar med storfe kan gje meir opptrakking på samleplasser og saltsteinsplasser bl.a. Kyr med kalv kan og ha sterke morsinstinkt og krev at folk som ferdas i utmarka er særleg merksame. Spesielt viktig er det for dei som går tur med hund. Desse bør gå omveg når de møter storfe i utmarka, då storfe kan reagere på hundar.

Det er derfor viktig med god informasjon særleg i turområder der storfe ferdast.

Tiltak:	Ansvar	Når
Sette opp plakatar på plasser der storfe ferdast og beitar.	Beitelag	2020-2023

6.8 Radioaktivitet og nedföring på husdyr

Etter Tsjernobyl -nedfallet i 1986 vart det kassert store mengder slakt. For å unngå å slakte og kassere dyr med for høge konsentrasjonar av radioaktivitet cesium, vart det i løpet av hausten 1986 og våren 1987 utvikla metodar for måling av radioaktivitet cesium på levande dyr av småfe, storfe og rein.

Måling av radioaktivitet i levende dyr blir oftast gjennomført av Mattilsynet. Det er fyrt og fremst for kontroll av sau og rein. Det har dei siste åra vorte redusert antall besetningar for målinger der det har vore låge verdiar gjennom fleire år.

Dyra blir tekne inn frå utmarksbeite og gjeve fôr med minst mogleg innhald av radioaktivitet cesium. Nedforingsperioden kan variere frå to til ti veker avhengig av radioaktiv forureining i dyret. I mange tilfelle beiter sau som vanlig, berre på dyrka mark i staden for utmark.

Tiltak:	Ansvar	Når
Dyr frå observasjonsområdet skal framstillast for måling før slakting. Målte dyr skal vera representative for området og hovedsank skal vera seinast 3 dager etter måling.	Beitebrukar/Mattilsynet	Årlig

6.9 Dyremerking

Føremålet med merkesystemet for småfe og storfe er å sikre ei effektiv førebygging og handsaming av dyresjukdommar gjennom identifikasjon og registrering av dyra.

Storfe skal ha gule øyremerker i kvart øyra der det står (Mattilsynet), NO (Norge), og eit 8-sifra nummer. Dette kan vera nummeret til eigaren eller tidlegare eigarar. Derfor er det viktig at på storfe har eit eige merke for namn på eigaren. Småfe skal ha eit øyremerke med same informasjonen, men og ulike farge på øyremerka for kvar besetning.

I beitetida vil de nye merkene gjera det lettare å kjenne dyra utan å måtte handsame dei heilt nøye. Ulike farger hjå merkene til sau gjer det lettare å finne ut kven eigaren er, men og blant storfe. Mattilsynet har tilsynet med merkesystemet og korleis det vert brukt.

Tiltak:	Ansvar	Når
I tillegg til påbudt individmerking skal alle beitedyr merkas med navn til dyreeigar.	Beitebrukar	Årlig
For småfe kan kvar enkelt besetning ha ulike fargar på øyremerka og informasjon opphengt for kven sin besetning den høyrer til. Lakseraud og kvit er unntaket av val av farger.	Beitebrukar	Årlig
Lage oversikt over farge på merka over kvar besetning i kommunen.	Beitebrukar	Årlig

6.10 Dyrevelferd

Om lov om dyrevelferd. Ot.prp.nr.15 (2008-2009)

Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare og unødige påkjenninger og belastninger. Enhver som påtreffer et dyr som åpenbart er sykt, skadet eller hjelpelös, skal så langt mulig hjelpe dyret. Dersom dyret er et dyr fra dyrehold eller storvilt, og det ikke er mulig å yte god nok hjelp, skal eieren eller politiet varsles umiddelbart. Enhver som har grunn til å tro at dyr blir utsatt for mishaldning eller alvorlig svikt vedrørende miljø, tilsyn og stell, skal snarest mulig varsle Mattilsynet eller politiet.

Kunnskap om dyra si åtferd er viktig. Det gjeld å unngå ulykker og å auke trivselen til dyra og dermed oppnå betre avdrått. Et gammalt ord seier at dyr vert slik som dei vert handsama. Det er stor skilnad på dyra, noko kjem av arv og noko av miljø. Å gjera dyra slik at dei vert redde for folk er enkelt, det er nok med slag og spark. Dyr som òg vert engsteleg har og dårlig tilvekst.

Det gjeld å oppnå positiv kontakt, vere rolig og bestemt og ikkje vise at du er redd. Lokke dyret til deg i staden for å gå bort frå det. Ei hand på dyryggen gjev ro.

Det er og viktig der dyr beitar at det ikkje er dei får tak i gjenstandar som kan skade dei. Forsøpling vil av turgår og forsøpling rundt søppelcontainarar er viktig at det ikkje førekjem. Dette er lett for beitedyr få tak i som då ikkje vil vera heldig. Forsøpling kan føre til innvendige skader.

Tiltak:	Ansvar	Når
Det skal vera tilsyn i alle beiteområda minst ein gong pr veke. -Dyrevelferdsøva §10	Beitebrukar	
Slepp berre friske og livskraftige dyr. Ikkje slepp morlause lam under 8 veker - Forskrift om velferd for småfe §25	Beitebrukar	
Vurdere beitemengden, rovdyrfare og trafikkulykkfare og denne skal vera tilfredsstillande før slepping. - Dyrevelferdslova §10	Beitebrukar	
Informasjon om forsøpling i naturen og rundt søppelcontainarar.	VKR	

6.11 Sjukdomar på beite dyr

Stort sett må all beitebruk sjåast på som positivt for dyra. Tradisjonelle driftsløysingar for storfe, sau og geit gjev minimale muligheter for mosjon i vinterhalvåret. For at dyra skal holde seg friske og sunne skal de derfor ha tilgang på beite om sommaren.

I forskrifta om hold av storfe.F-1072 **§ 10. Mosjon:** *Storfe skal sikres mulighet for fri bevegelse og mosjon på beite i minimum 8 veker i løpet av sommer halvåret. Dersom forholdene ligg til rette for det, kan mosjonskravet også oppfyllest andre tider på året. Dersom storfe ikke kan slippes på beite, kan det nyttes luftegård. Luftegården skal være godkjent av mattilsynet før det tas i bruk. Bestemmelsen om fri bevegelse og mosjon gjelder ikke for ukastrerte hanndyr eldre enn seks måneder. Frem til 1.januar 2013 gjelder ikke kravet storfe som holdes i løsdrift.*

Sjølv om det er positivt at dyra vert slept på beite utsettast dei samtidig for en del helsefarer som er uaktuelle mens dei står på båsen eller i binge.

Alle våre beitedyr er utsatt for ulike typer bendelorm og rundorm. Disse innvollssnyltarane vil normalt forårsake redusert tilvekst hos dyra. I enkelte tilfelle kan dei bli riktig sjuke og magre av. Dødsfall kan også førekoma sjølv om dette er sjeldan.

Etter påvist skrantesjuke i Nordfjella i 2016 på villrein, er det òg vorte fokus på at sau kan ta med seg smitta. Her blir det vurdert tiltak fortløpand frå Mattilsynet og Miljødirektoratet. Eit av tiltaka er forby utsetting av saltstein i den indre sona. Foreløpig gjeld dette ikkje Vang.

Tiltak:	Ansvar	Når
Vurdere behov for behandling av buskapen for innvollsparasittar i samråd med veterinær.	Beitebrukar	Årleg
Melde frå om sjuke eller skada dyr	Alle	

6.12 Samarbeid med andre næringer/organisasjoner

Bruk av utmarka til fritidsaktiviteter og næringsutvikling er i stadig utvikling.

Det blir satsa bl.a. stort på å utvide tilbodet innan sykling i regionen. Det er viktig at beitenæringa og landbruket elles blir teke med på råd når nye trasear og anlegg for sykling skal planleggast.

Det er også viktig at det blir teke omsyn til beitenæringa ved planlegging av skogsdrifter. Det har skjedd at tømmervelter er lagt oppå gjerder som tilhørar beitelaga, og dette må det jobbast for å førebygge i framtida. Køyreskader kan også vere ei utfordring for beitedyr.

Målet er at beitebruksplanen og kartet vil gje eit bedra grunnlag for planlegging av skogsdriftene.

Plassering av saltsteiner og bruk av bjøller er andre tema for diskusjonar. Saltslikkesteiner kan spreia i terrenget, men det er viktig at de ikkje blir plassert på stader der det utifrå andre brukarinteresser ikkje er ynskjeleg at dyra samlar seg i lengre periodar, som ved langs vegar, parkeringsplasser, plantefelt, turistbedrifter og hytter.

Husdyreigarane bør også tenke over om det er nødvendig å ha bjøller på alle vaksne dyr den tida dyra går på innmarksbeite vår og haust, dersom det er til sjenanse for folk som bur slik til.

Beitenæringa bør og vera ein høyringsinnstans innanfor arealforvatning og andre tiltak i utmarka.

Vegetasjonskartlegging av resten av kommunen vil eit tiltak som vil vera nyttig i form av forvaltning og planlegging.

Tiltak:	Ansvar	Når
Setja opp informasjonsplakater på godt synbare stader om bandtvang, beiting,	Beitebrukar	Årleg
Varslingstelefon for funn av sjuke/skada/døde husdyr i beiteområder.	Beitelag	
Beitebrukarane syter for faste saltingsplasser, gjerne med saltingsautomater. Salting skal skje i god avstand frå vegar, parkeringsplassar og bygninger	Beitelag	
Vegetasjonskartlegging av heile kommune- viktig verkty for planlegging og bruken av utmarka.	NIBIO	2020-2022

6.13 Turke

Året 2018 vil ein hugse som eit turke år. Sist det var slik ekstrem turke var på 1940-talet. Dette førte til dårlige avlingar. Her vart det då brukt utmarksbeite som ersatning og mange hadde dyr lenger ute på beite enn normal år.

I slike år vil det då vera viktig å utnytte utmarksbeite mest mogleg, samt beite generelt. Her vil det og vera utfordingar. Ein såg at besetingar endra beitemøster og beiteområda. Årsak til dette kunne vera liten tilgang på vatn.

Etter den varme sumaren trekte det dyr inn i tunnellar der det ikkje var så varmt. Dette gjer utfordringar for trafikken samt at dyr som ferdast etter traffikerte vegar.

Tiltak:	Ansvar	Når
Utnytte utmarksbeite ved turkesumrar		

6.14 Organisering av beitelag

Vang kommune er organisert med 4 beitelag. Enkelte områder frå Kvam, Thorpe, Tveit og Kviissydin er ikkje med i beitelag, samt i Øye beitelag der det ikkje er med storfebesetningar 13 Storfe og 3 sau besetningar.

Tiltak:	Ansvar	Når
Organisere alle beitebrukere inn i aktive beitelag	Kommune/beitelag	2021

7.0 KARTDEL

- Kart med oversikt over viktig beitebruksmessige forhold har stor nytteverdi.
- Vegetasjonskart
- Sankekveer, saltsteinar og andre investeringar i beiteområde.

Tiltak:	Ansvar	Når
Kartdelen	Kommunen/beitelag	2020

Beitebruksplan for Vang kommune 2019-2023 vart godkjent med dei innspellet frå behandling i kommunestyret 13.06.2019. Desse er bearbeid i planen.